



**DE HEIBERGSKE SAMLINGER**  
SOGN FOLKEMUSEUM

Kaupanger, juli 2019

Til skulane i Sogn

## **VELKOMNE PÅ MUSEET TIL HAUSTEN!**

I vår avvikla me mange innhaldsrike skuledagar her på museet, og me er svært glade for at så mange av dykk valde å bruka ein dag (eller fleire) hjå oss!

Også no til hausten vil det vera fleire skuleopplegg på museet, og me håpar at de også då vil nytta tilboda godt.

De får her det nye haustprogrammet frå De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum.

24., 25. og 26 september	<b>Haustarbeid på museumsgarden</b>
22., 23. og 24 oktober	<b>Ungdom og identitet</b>
5., 6. og 7. november	<b>Kyrkja i kulturen og samfunnet</b>
3., 5., 10 og 11. desember	<b>Jul, tru og tradisjon</b>

## HAUSTARBEID PÅ MUSEUMSGARDEN (24., 25. og 26. september)



Denne dagen er elevane med museumsbonde Kjell og tek opp poteter. Etterpå ser de på dyra på museumsgarden. Heilt til slutt vaskar alle hendene før de blir med og lagar mat på neste stasjon. I Leirmostova skal me koka potetgraut og eta. Me vaskar potetene, skreller dei og skjær opp i bitar. Så kokar me potetgraut og set oss rundt bordet og et den gode grauten me har kokt av egne poteter! Kanskje blir det og tid til litt lek i stova?

*Passar best for 1. til 7. klasse*

### **Nokre aktuelle læreplanmål**

Etter 2. årssteget

- Stilla spørsmål, samtala og filosofera rundt naturopplevingar og menneskets plass i naturen
- Bruka sansane til å utforska verda i det nære miljøet

Etter 4. årssteget

- Finna informasjon om og presentera eigen familie for ein til to menneskealdrar sidan og fortelje om korleis levevis, levkår og kjønnsroller har endra seg
- Undersøkja ulike matvarer med tanke på smaksopplevingar
- Fortelja om ei utvald råvare og korleis ho inngår i matvaresystemet, frå produksjon til forbruk
- Gjera sitt til trivsel i samband med måltida

Etter 7. årssteget

- Beskriva utviklinga i levkåra for kvinner og menn og framveksten av likestilling i Noreg
- Forklara samanhengar mellom naturressursar, næringar, busetnad og levevis
- Beskriva korleis produksjon og forbruk kan øydeleggja økosystem og forureine jord, vatn og luft, og drøfta korleis dette kan hindrast og reparerast

## UNGDOM OG IDENTITET (22., 23. og 24. oktober)



Kva vil det seie å vera ungdom? Og korleis har dette endra seg gjennom tidene? Me går 100 og 50 år tilbake i tid, og prøver å sjå nærare på akkurat dette: Korleis har omgjevnadane påverka oss, og korleis har ungdomen påverka samfunnet? Til slutt prøver me saman med elevane å dra linjer til vår eiga tid. Skilandane er nok mange, men vil det også finnast likskapstrekk mellom ungdom i notid og fortid?

*Passar best for ungdomsskule og vidaregåande skule.*

### **Nokre aktuelle læreplanmål**


Etter 10. årssteget

- Skape forteljingar om menneske frå ulike samfunn i fortid og notid og vise korleis livsvilkår og verdier påverkar tankar og handlingar
- Finne døme på hendingar som har vore med på å forme dagens Noreg, og diskutere korleis samfunnet kunne ha vorte dersom desse hendingane hadde utvikla seg annleis
- Presentere viktige utviklingstrekk i norsk historie på 1800-talet og første halvdel av 1900-talet og beskrive korleis dei peikar fram mot samfunnet i dag
- Gjere greie for framveksten av velferdsstaten og beskrive trekk ved Noreg i dag
- Drøfte viktige omveltingar i samfunnet i nyare tid, og reflektere over korleis dagens samfunn opnar for nye omveltingar
- Reflektere over etiske spørsmål knytt til mellommenneskelege relasjonar, familie og venner, samliv, heterofili og homofili, ungdomskultur og kroppskultur

Vidaregåande skule

- Definere omgrepet kultur og gje døme på korleis kultur, kjønnsroller og familie- og samlivsformer varierer frå stad til stad og endrar seg over tid
- Greie ut korleis arbeidsliv og arbeidsdeling mellom kjønna har endra seg i Noreg frå 1800-talet og fram til i dag
- Skildra befolkningsutviklinga i eit lokalsamfunn over ein lengre periode og diskutera kva faktorar som har hatt betydning for innbyggjarane sin livssituasjon
- Gjere greie for nokre økonomiske, sosiale, politiske og kulturelle utviklingstrekk i Noreg etter 1945

## KYRKJA I KULTUREN OG SAMFUNNET (5., 6. og 7. november)



I over tusen år har kristendomen spela ei stor rolle i liva til menneska som har budd her i landet. Den har påverka kultur og samfunn, og kyrkja var lenge den viktigaste institusjonen utanfor heimen. Samstundes tok kristentrua til seg element frå tidlegare tiders religion og kultur. Gjennom å følgja kristendomen si historie i Noreg, kan me sjå korleis samfunnsutvikling, kultur og religion har spelt saman, og korleis dette også påverkar samfunnet vårt i dag. Me byrjar dagen i Stavedalstova, der me snakkar om liva til dei som levde i Sogn i tida rundt reformasjonen for om lag 500 år sidan. Her vil me også dra nokre linjer bakover i tid. I kyrkjeutstillinga får elevane sjå gjenstandar både frå dei gamle stavkyrkjene og frå nyare kyrkjer i Sogn. I utstillinga «Helg og høgtid» ser me nærare på nokre av heilagdagane våre, og korleis mange av desse har blitt forma av menneska som til ulike tider har feira dei. I skulestova Helgheim legg me hovudvekt på kyrkja si rolle i utdanning og språk, som var ei viktig side ved reformasjonen. Her vil me også synga, og forsøka oss på å skriva med penn og blekk.

*Passar best for 5.-10. klasse*

### Nokre aktuelle læreplanmål

Etter 7. årssteget

- Fortelja om hovudtrekk ved samfunnsutviklinga i Noreg frå vikingtida til slutten av dansketida og gjere nærare greie for eit sentralt tema i denne perioden
- Gje døme på ulike kulturelle symbol og gjera greie for kva vi meiner med omgrepa identitet og kultur

Etter 10. årssteget

- Skapa forteljingar om menneske frå ulike samfunn i fortid og notid og visa korleis livsvilkår og verdiar påverkar tankar og handlingar
- Finna døme på hendingar som har vore med på å forma dagens Noreg, og diskutera korleis samfunnet kunne ha vorte dersom desse hendingane hadde utvikla seg annleis
- Presentera viktige utviklingstrekk i norsk historie på 1800-talet og første halvdel av 1900-talet og beskriva korleis dei peikar fram mot samfunnet i dag
- Gjera greie for viktige hendingar i kristendomens historie frå reformasjonen til vår tid i Noreg og i verda og for kristendomens stilling i dag
- Drøfta kristendomens betydning for kultur og samfunnsliv
- Diskutera aktuelle spørsmål som oppstår i møte mellom religion, kultur og samfunn

## JUL, TRU OG TRADISJON (3., 5., 10., og 11. desember)



Ein skuledag på museet har vorte fast førjulstradisjon for mange av skulane i Sogn. Her høyrer me om arbeid og juleskikkar på den gamle garden, me skriv julekort, syng julesongar, og et julegraut – med mandel. Dagen blir avslutta i kyrkjeutstillinga, der elevane sjølve les juleevangeliet. Grauten kostar kr 50.- pr. person.

*Denne dagen kan tilretteleggjast for dei fleste årstrinn, og sjølv om dette ofte er mest ein «kosedag», legg me med nokre læreplanmål også her.*

### Nokre aktuelle læreplanmål

Etter 2. årsteget

- Uttrykka eigne tekstopplevingar gjennom ord, teikning, song og andre estetiske uttrykk
- Skriva setningar med store og små bokstavar og punktum i eiga handskrift
- Samtala om innhald og form i eldre og nyare songar, regler og dikt

Etter 4. årssteget

- Kjenna til kristen salmetradisjon og eit utval songar
- Kjenne att historiske spor i eige lokalmiljø og undersøkje lokale samlingar og minnesmerke
- Skriva med samanhengande og funksjonell handskrift
- Samtala om songar, regler, dikt, forteljingar og eventyr frå fortid og notid
- Gjere sitt til trivsel i samband med måltida

Etter 7. årssteget

- Gjera greie for sentrale forteljingar frå Det nye testamente frå Jesus til Paulus

Etter 10. årssteget

- Drøfta kristendomens betydning for kultur og samfunnsliv

## **ANDRE YNSKE?**

De er sjølvsagt også velkomne på museet utanom dei utlyste skuledagane. Om dei oppsette dagane ikkje passar, prøver me så langt råd er å finna andre dagar. Og har de ynske om heilt andre tema enn me har sett opp, prøver me så langt råd er å laga opplegg etter dykkar ynske. De kan også koma til oss og oppleve museet på eiga hand. For skulane er gjerne barneutstillinga mest interessant. Ho er todelt: *Då oldemor var liti*, som viser barndom for hundre år sidan, medan *Unge sogningar 2000* viser korleis barn og unge levde ved tusenårsskiftet.

## **SKULEBESØKA ER GRATIS**

Me minner til slutt om at dersom ikkje anna er opplyst, er alle skuleopplegga på museet gratis. Hugs å melda dykk på skuledagane i god tid, seinast ei veke på førehand. Fyrstemann til mølla får mala! Ring 40431747, eller send e-post til [mari.sandvik@misf.museum.no](mailto:mari.sandvik@misf.museum.no)

Ta elles kontakt om de har spørsmål eller vil ha fleire opplysningar. Følg med på heimesida vår, [www.dhs.museum.no](http://www.dhs.museum.no). Og blir de med i Facebook-gruppa vår, blir de til ei kvar tid oppdatert på det som skjer på museet!

Med helsing

Mari Sofie Johanne Sandvik  
- formidlingsleiar -

Musea i Sogn og Fjordane  
De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum